



Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2957 - 19/36407

Saksbehandlar:

Andreas Granli

Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:

20.12.2019

Landbrukssak Gbnr 16/3 Askeland nordre - landbruksveg - vedtak

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 16/3 i Lindås kommune.

Saksopplysningar:

Søkjjar er heimelshavar til gnr/bnr og vegen skal gå på denne eigedommen.

Vegen skal gje tilgang til 250 daa skog. Det skal byggjast om lag 1150 m ny veg i vegklasse 4.

Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*, FOR 1996-12-20 nr. 1200, og etter Naturmangfoldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdier i området.

Vegtrasse val

Godkjend avkøyrsl

Verdi for jordbruk/ skogbruk/anna.

Er transportgevinstene realistiske?

Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringer av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.

Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vi viser til brev datert 14.11.19 med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 16, bnr 3 mfl. i Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med vegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet (veg og hogst) søkjer å unngå inngrep i/skade på steingardar og utmarkstufter m.m., som er viktige kulturlandskapstrekk i området.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Landskap og friluftsliv

Vegen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negetativ grad. Vegen vert plassert i terrenget slik at det ikkje vert unødig store skjeringar eller fyllingar knytt til anlegget.

Vegen vil betre tilgjenge til friluftsliv for ålemnta ved ...

Andre positive/negative effekter.

Vedtak:

Edvard Askeland får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 16/3 m.fl. i Lindås kommune.

Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Vegen skal byggast slik kart viser.
- Naboeigendommene skal kunne nytte vegen til å ta ut skog på sine eigendommer. Avtale om leige av vegen kan gjerast dersom uttak vert aktuelt.
- Vegen skal byggast i vegklasse 4.

Vedtaket er gyldig til 10.12.2022

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve, fell løyvet bort, jf FOR-1996-12-20-1200 § 3-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Lindås kommune

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b. Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt Andreas Granli.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Andreas Granli

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.